



Entreprenør Ansgar Birkeland As  
Reknes Masfjordvegen 105  
5986 Hosteland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/417 - 22/5923

Saksbehandlar:  
Gunnar Molland  
gunnar.molland@masfjorden.kommune.no

Dato:  
29.06.2022

## Melding om delegert vedtak - Søknad om utsleppsløyve - gbnr 17/9

Vi syner til søknad motteke den 27.04.2022  
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

### **Administrativt vedtak. Saknr: 055/2022**

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til forureiningsforskrifta § 12 og godkjenner søknaden om utslepp frå slamavskiljar til sjø. Utsleppsleidning skal førast ut til 10 m under fjæra sjø og sikrast med lodd. Utsleppsleidningen må leggast slik at den ikkje er til hinder eller sjenanse for brukarar av strandlinja.

Søknad med vedlegg mottatt 27.04.22 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart mottatt 27.04.2022.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving: Søknaden er i tråd med forureiningsforskrifta §12

Heimel: Forureiningsforskrifta § 12

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (fvl. §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (fvl. §29)

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skrifteleg til kommunen. I klagen skal det gå frå kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

## Saksutgreiing:

### 1. Bakgrunn

Det er i søknaden mottatt 27.04.2022 søkt om løyve til utslepp frå slamavskiljar til sjø frå gbnr 17/9


### 2. Fakta

Saka gjeld søknad om utslepp frå slamavskiljar til sjø frå gbnr 17/9

Slamavskiljar har ein storleik på 4 m<sup>3</sup> og anlegget er dimensjoner i tal personekvivalentar ( pe) 5

Utsleppstad normalt område/ mindre følsomt område.

20% reduksjon av suspendert stoff.



## 5. Konklusjon

Søknad om utsleppsløyve frå slamavskiljar til sjø frå 17/9 vert godkjent som omsøkt, jf. vedtak

Entreprenør Ansgar Birkeland A/S vert godkjent som ansvarleg søkjar og nøytral fagkyndig.

Med helsing

Sveinung Toft  
assisterande rådmann

Gunnar Molland  
driftsteknikar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakarar:**

Entreprenør Ansgar Birkeland As

Reknes  
Masfjordvegen  
105

5986

Hosteland